



Jnr. 1088.13
GJG/rr

Fiskeri og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

HARDANGERFJORDFORSKRIFTA – UTTALE

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kommunane Haugesund, Vindafjord og Fusa er observatører i rådet. I møte 15. mars d.å drøfta Samarbeidsrådet for Sunnhordland konsekvensane for regionen dersom regjeringa går inn for å innføre framlegg til nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden. Uttalen er vedteken mot Etne kommune si røyst. Etne kommune gjev eigen uttale.

For Sunnhordland vil innføring av Hardangerfjordforskrifta få alvorlege konsekvensar for både oppdrettsbransjen og for kommunane. Det vil bety tap av mellom 330 – 460 årsverk i næringa i regionen og 915-1260 årsverk på Vestlandet (Asplan Viak). I tillegg til desse vil det og gje negative ringverknader hjå underleverandørar.

Dette vil vidare gje konsekvensar for skatteinntekter og sysselsetting. Det vil bety nedbygging av aktivitet hjå viktige aktørar innan foredling. Dette vil igjen føra til sterk reduksjon av bearbeiding og foredling, tap av kompetanse og omdømme (merkevarefisk som Salmalaks og Lerøy) og avskrivning av store gjennomførte investeringar, og bortfall av planlagde investeringar.

Samarbeidsrådet er difor bekymra for dei samfunnsmessige konsekvensane dette vil gje. Dette er og dokumentert gjennom rapporten "Konsekvensanalyse av mulig innføring av Hardangerfjordforskriften", mars 2012, Asplan Viak.

Dei siste åra er det innført 4 nye forskrifter som i all hovudsak omhandlar Hardangerfjordregionen – det vil seia Hardanger og Sunnhordland.

- Frysforskrifta nemnd tidlegare
- PD forskrifta som regulerer forhold kring fiskesjukdommen Pancreas Disease
- Forskrift som regulerer grenser for tal lus og forhold kring avlusing – ny forskrift frå desember 2012
- Forskrift som regulerer forhold kring sonevis brakklegging av lokalitetar.

Forskriftene har hovudfokus på tiltak for å redusera lakselus og sjukdom og å ivareta villaksen.

I tillegg føregår det eit arbeid i eit samarbeid mellom Fiskeridirektoratet , Fylkesmannen, næringsaktørar, elveeigarlag, Mattilsynet og representantar frå kommunane gjennom ”Strakstiltak for Hardangerfjorden”. I dette arbeidet ser ein på rømming, lus, sjukdom, tiltak for villfisk mm. Fleire tiltak er sett i verk.

Samarbeidsrådet trur den beste løysinga ligg i eit tett og forpliktande samarbeid mellom oppdrettsnæringa og elveeigarane.

Vassregion Hordaland

Hordaland fylkeskommune er vassregionmynde i vassregion Hordaland. Dette inneber at fylkeskommunen skal koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene som følgjer av *Forskrift om rammer for vannforvaltningen - vassforskrifta* jf. § 21.

Vanndirektivet har også fokus på lus og rømming.

Regional kystsoneplan

Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland og ytre Hardanger er i oppstart av arbeidet med ein regional kystsoneplan. Planprogrammet har vore ute på høyring.

Plantema

Berekraftig kystsoneplanlegging

Vert lagt opp til å laga retningslinjer for arealbruk i sjø med fokus på berekraft til bruk og støtte for kommunal planlegging i sjø.

Strandsona

Sentralt tema i Sunnhordland, og koordinert mot arbeidet med Interkommunal Strandsoneplan.

Akvakultur

Utarbeiding av ein struktur for lokalisering av akvakulturområde i planområdet som sikrar næringa gode og eigna produksjonsområde samstundes som det vert teke høgde for noverande sjukdomsstruktur. I dette ligg også omsynet til villaksen.

Sjøtransport og maritim næring

Tilrettelegging for infrastruktur for næringa er naudsynt for vidare utvikling. Planprogrammet legg opp til plankart med retningslinjer for arealbruk, og regionalt viktige næringsareal til sjø skal lokaliserast og synleggjerast.

Samarbeidsrådet meiner at dette planarbeidet vil fanga opp dei problemstillingane og utfordringane som regjeringa er opptekne av i dei nye tiltaka som er sendt på høyring.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner også at det er uheldig å setta i verk nye tiltak som Hardangerfjordforskrifta legg opp til, før ein har sett verknaden av dei tiltaka som alt er sett i gang.

Vestlandsløftet

I august 2011 lanserte statsminister Stoltenberg *Vestlandsløftet*, eit løft som skal gje Vestlandet og Noreg 40.000 nye arbeidsplassar innan 2016. Vestlandet skal blant anna vera den leiande sjømatregionen nasjonalt og internasjonalt.

For næringsaktører og andre som fell innfor det grafisk området som Hardangarfjordforskrifta skal dekke, vert dette eit stort paradoks. Særleg også fordi konsekvensane rammar bearbeidingsbedriftene så sterkt.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at framlegg til Hardangerforskrifta ikkje kan vedtakast. Det er sterkt å beklage dersom departementet ikkje sjølv gjennomfører konsekvensutgreiing av ei så omfattande forskrift som med all sannsyn vil føre til store økonomiske samfunnsmessige konsekvensar, og som høgst truleg vil setja leiande oppdrettsaktører tilbake i tid når det gjeld forskning og utvikling og medansvar for berekraftig utvikling innan oppdrettsnæringa. Det bør forventast at departementet i det minste oppfyller lovmessige krav til konsekvensutgreiing med tanke på kva krav som vert stilt til kommunane når det gjeld krav om KU i plansamheng.

Konklusjon

Alle partar er samde om intensjonen i Hardangarfjordforskrifta. Å styrke ei berekraftig utvikling av dei områda som forskrifta omhandlar er det lite tvist om. Men slik framlegget til forskrift er utforma, vil det ramme mange lokalsamfunn og kommunar i Sunnhordland svært hardt. Samtidig vil våre lokalt og regionalt eigde verksemdar bli så hardt ramma at me er redd for at dei går under.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at framlegg til Hardangarfjordforskrift vert lagt vekk. Dette fordi ein enno ikkje fullt ut kan måla effekten av alle dei ulike forskriftene og tiltaka som er sett i verk. Det bør ikkje gjerast politiske vedtak som legg ned lønsame arbeidsplassar og som samstundes stengjer den verdiskapinga oppdrettsnæringa er for regionen og samfunnet elles.

Sunnhordland, 18. mars 2013

Liv Kari Eskeland (s)
styreleiar


Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar